



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2014/2112	Løpenr. 10315/2014	Klassering G00/&18
Sakshandsamar:	Ottar Grimstad, Sektor for velferd	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Levekårsutvalet	25.11.2014
	Formannskapet	01.12.2014

NY AUTORISASJONSORDNING FOR HELSEPERSONELL UTDANNA UTANFOR EØS - HØYRING

/ 2014/2112

Tilråding frå rådmannen:

Hareid formannskap støtter forslaget til ny autorisasjonsordning for helsepersonell. Hareid formannskap ber regjeringa arbeide for endringar i regelverket som gjer det mogleg å stille tilsvarende krav også til helsearbeidarar utdanna innafør EØS.

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Vedlegg:

Nr.	Namn	
1	Høringsbrev	03.11.2014
2	Høringsnotat	03.11.2014

Saksopplysningar:

Det finnes i Norge 29 forskjellige autoriserte yrkestitlar etter helsepersonellova.

For at helsepersonell utdanna utanfor EØS-området skal få autorisasjon i Norge, må ein først ha ei vurdering av om utdanninga er like god som tilsvarande utdanning i Norge. Dersom ein er i tvil, kan ein krevje ei fagprøve for å kontrollere den faglege kompetansen. Legar, tannlegar, farmasøytar og sjukepleiarar må også ha ei prøve i nasjonale helsefag og legemiddelhandtering.

Ein foreslår at alle legar, tannlegar, sjukepleiarar og helsefagarbeidarar utdanna utanfor EØS, må gjennomgå ei fagprøve for å kontrollere om kunnskapsnivået er i samsvar med norsk eksamen. Ein foreslår no at alle autoriserte helsearbeidarar utdanna utanfor EØS, skal få krav til språkleg kompetanse i norsk på eit nivå som tilsvarer den såkalla Bergenstesten. Kravet om prøve i nasjonale fag blir også utvida til å omfatte alle autoriserte helsearbeidarar, mens legemiddelhandtering blir tatt ut frå prøva i nasjonale helsefag, og inn som ein eigen test som legar, tannlegar, farmasøytar og sjukepleiarar må ta.

For EØS-området gjeld det eigne reglar om gjensidig godkjenning av autorisasjon, som ikkje gjer det mogleg for Norge å stille slike tilleggskrav.

Vurdering og konklusjon:

Helsearbeidarar i Norge må kunne kommunisere på norsk med pasientane sine. Dei må også kjenne til dei særskilte lover og reglar som styrer arbeidet i helsetenesta. Det er derfor gode forslag departementet kjem med her.

Det er eit stort problem at ein ikkje kan stille tilsvarande vilkår for EØS-land. Bortsett frå dei skandinaviske landa, har ikkje helsearbeidarar frå andre EØS land utan vidare språklege forutsetningar for å arbeide i Norge. Lovgiving og organisering vil også variere så mykje mellom EØS-landa og Norge at også desse helsearbeidarane vil ha behov for den kompetansen nasjonale helsefag vil gi. Norsk autorisasjon burde vere ein garanti for at ein har nødvendig kompetanse til å arbeide som helsearbeidar i Norge. Det er det ikkje i dag. Det gir eit stort ansvar til kommunane i tilsettingsprosessane, for å sikre at dei har den kompetansen som trengs. Dette burde vere eit statleg ansvar.

Folkehelsekonsekvensar:

God kompetanse hos helsearbeidarar er viktig for folkehelsa.

Miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Der er økonomiske konsekvensar for staten i organisering av kurstilbod og i kursavgifter for søkerar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Kunnskap i språk og organisasjon er viktig for helsearbeidarar i beredskapssituasjonar.

Hareid, 13.11.2014

Bent Arild Grytten
rådmann

Ottar Grimstad
Kommuneoverlege